



BERGEN OG OMLANDS FRILUFTSRÅD
Hellebakken 45
5039 BERGEN

Dato: 18.04.2016
Vår ref.: 2016/90-17
Saksbehandlar: eirkniv
Dykkar ref.:

Tilsagn på søknad om tilskot til tiltak i statleg sikra friluftslivsområde, kap 1420 post 78 - 2016

Det vert vist til dykkar søknad på den statlege ordninga om tilskot til tiltak i statleg sikra friluftslivsområde. Søknaden vart handsama av Utval for kultur, idrett og regional utvikling i møte 13.04.2016. De er tildelt **kr 2.875.000** til statleg sikra friluftslivsområder i 17 kommunar. Det er kun dei statleg sikra landfaste områda i den 5-årige forvaltningsplanen som har fått tilsagn. Kr 180.000 av desse er øymerka tilrettelegging for universell utforming. Vedlagt ligg ytterlegare informasjon om fordeling av midlar samt søknadsvurdering.

Grunngjeving

Miljø og klimadepartementet har for 2016 fordelt kr 30 mill til fylkeskommunane til tiltak i statleg sikra friluftslivsområde, kap. 1420, post 78. Hordaland fylkeskommune er tildelt kr 3,850.000 til vidare fordeling. Kr 280.000 av desse er øymerka tilrettelegging for universell utforming. Det er 14 søknadar med ein samla kostnad på kr 22 628 00 og søknadsbeløp på kr 7.923.000.

Kriteria Klima og miljødepartementet har sett for ordninga ligg til grunn for vedtak i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 13. april 2016. Friluftslivsområde som ligg i og ved byar og tettstader som blir eller har potensial for å bli mykje brukt, og som ligg i område med lite tilgjengeleg strandsone og stort press på areala er prioritert. Den totale søknadssummen går langt ut over tilgjengelege midlar til fordeling.

Føresetnader for tilsegnet

Vedtaket byggjer på følgjande føresetnader:

- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med søknaden. Føremål og innhald samt kostnads og finansieringsplan skal gjennomførast slik det går fram av søknaden (m/vedlegg.)
- Tilsegnsmottakar gjennomfører rapportering, leverer rekneskap og medverkar til kontroll som nemnt under.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgjevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/logo>

Om føresetnadene ikkje vert oppfylt, kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta eller falle bort.

Rapportering

Sluttrapport skal leverast gjennom Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter ([elektronisk søknadssenter](#)) innan 15.januar 2017.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollera at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskotsmottakar pliktar - etter førespurnad - å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei dokument og opplysningane dei finn påkrevd for sin kontroll

Brot på vilkår og føresetnader

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane betalast attende. Dersom det ligg føre vesentlege avvik frå prosjektsøknaden eller andre føresetnader for vedtaket eller krava til rapportering/kontroll ikkje vert oppfylt kan vedtaket om tildeling verte gjort om med krav om heil eller delvis tilbakebetaling.

Klage/partsinnsyn

Det er ikkje klagerett på vedtak om midlar til tiltak i statleg sikra friluftsområde, då desse ikkje vert å rekna som enkeltvedtak jf. forvaltningsloven, då berre kommunar og interkommunale friluftsråd kan søkje.

Utbetaling - krav om elektronisk faktura i EHF-format frå 1. januar 2015.

Vi viser til krav som går fram av den reviderte forskrifta om IT-standard i offentlig forvaltning som regjeringa har vedtatt. Leverandørar til kommunar og fylkeskommunar vert pålagde å sende elektroniske faktura og kreditnota på standardformatet EHF frå 1. januar 2015. Tilskotsmottakar vert i denne samanheng definert som Leverandør då dette er ei utbetaling. Tilskotsmottakarar utan organisasjonsnummer samt enkeltmannsføretak, slepp krav om elektronisk faktura og utbetaling blir som tidlegare. For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune. Dette kan gjerast på to måtar:

1. For tilskotsmottakarar med eige fakturasystem, opprett ein EHF-faktura i og merk fakturaen med *saksnummer* og *ressursnummer*.
2. For tilskotsmottakarar utan eige fakturasystem, men med organisasjonsnummer, opprett ein brukar og send EHF-faktura via fakturaportalen Basware Supplier Portal (gratis). Ved bruk av portal skal *saksnummeret* brukast som fakturanummer, og *ressursnummer* skal fyllast ut i feltet kjøpars referanse.
 - Link til fakturaportal <https://bsp.basware.com/SupplierPortal/login.aspx>
 - Link til brukarretteiing <http://www.hordaland.no/PageFiles/54618/Brukarretteiing%20til%20fakturaportal.pdf>

Saksnummer: 2016/90
Ressursnummer: 400006
Beløp: kr 2.875.000

Tilskotet blir utbetalt så snart Hordaland fylkeskommune får overført tildelte midlar frå Miljødirektoratet. De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Har de spørsmål kan de kontakte fylkesidrettssjef Britt Karen Spjeld britt.karen.spjeld@hfk.no eller på mobil 456 66 326.

Lukke til vidare med dykkar arbeid med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland!

Per Morten Ekerhovd
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjef

Sakshandsamar: Eirik Knive, rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.